



Arkivnr: 2015/11246-3  
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016

## Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016

### Samandrag

«*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016*» (HNH 2016) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*».

Handlingsprogrammet er utarbeidd i nært samarbeid med Regionalt Næringsforum, og etter innspel frå sentrale nærings- og utviklingsaktørar som Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum for Bergensregionen og fylkeskommunen si opplæringsavdeling. I saka er det foreslått korleis midlane til regional næringsutvikling på 55,114 millionar kroner skal disponerast i 2016. Hovuddelen av midlane er overføringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (49,750 millionar kroner). I tillegg inngår 3,387 millionar kroner frå fylkeskommunen sitt eige budsjett, og 1,877 millionar kroner i renter frå midlar som ikkje er utbetalte fordi prosjekta ikkje er avslutta.

### Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016*»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
**Fylkesrådmannen, 09.02.2016**

## 1. Bakgrunn

«*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016*» (HNH 2016) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*». Dei statlege føringane som blir gitt gjennom dei årlege tildelingsbrevane er også sentrale for virkemiddelbruken knytt til handlingsprogrammet. Desse føringane er innarbeidd i handlingsprogrammet.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av måla og dei definerte innsatsområda i handlingsprogrammet. Dette vil få innverknad på søknadshandsaming og forvaltning av dei økonomiske verkemidla. Forvaltninga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge (IN) og regionråda som forvaltar dei regionale etablerarfonda. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknadar om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Regionråda handsamar mindre søknadar og etablerarstøtte.

I denne saka fremmer fylkesrådmannen «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016*» til godkjenning. HNH 2016 er ei oppdatering og justering av HNH 2014 og HNH 2015. Sjølve programmet ligg som vedlegg til saka.

Handlingsprogrammet er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum for Bergensregionen og Opplæringsavdelinga. Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe og trekt opp rammene for arbeidet. Det framlagte utkastet til HNH 2016 er handsama av RNF på tre møter, seinast 26. januar 2016 der RNF gjorde fylgjande vedtak:

«*RNF tilrår at forslag til HNH 2016 blir sendt fylkesutvalet for godkjenning*»

## 2. Kort omtale av «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016»

«*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*» trekkjer opp dei overordna mål og rammor for næringsutviklingsarbeidet i planperioden. I næringsplanen er det fokusert på tre hovudstrategiar;

**Hovudstrategi 1:** Meir entreprenørskap og innovasjon,

**Hovudstrategi 2:** Fleire med meir relevant kompetanse

**Hovudstrategi 3:** Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter

I HNH blir desse hovudstrategiane utdjupa og konkretisert gjennom definerte resultatmål og konkrete innsatsområde som blir sett på som viktige i det regionale næringsutviklingsarbeidet. HNH er styrande for bruken av dei regionale, næringsretta utviklingsmidlane i budsjettet.

Hovudstrategiane i næringsplanen er sektoruavhengige, og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Konsekvensen av dette er at handlingsprogrammet også vil ha eit fokus på viktige næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. Alle desse næringane har spesielle fortrinn i Hordaland, og dei har også stort potensiale for vekst og internasjonal utvikling. I tillegg vil landbruk, som ei viktig distriktsnærings, og media- og kulturbasert næringsliv, som har stor innovativ kraft, vera næringar med særskilt fokus.

Tilhøvet mellom regional næringsplan, handlingsprogram og strategiske innsatsområder er skissert nedanfor:



Skjematisk oversikt over korleis handlingsprogrammet er tilpassa «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*»

### 3. Justeringar i høve til HNH 2015

Flere ytre faktorar i næringsliv og samfunnsliv er endra frå 2015 til 2016, og dette har igjen medført justeringar på innsatsområder og prioriteringar i HNH 2016. Endringa som påverkar årets handlingsprogram mest er signala frå petroleumssektoren om reduserte investeringar, innsparingar og reduksjon i talet på tilsette dei komande åra. Dette får naturleg nok ringverknader for det øvrige næringslivet i Hordaland, og fleire år med vekstfokus er no endra til eit større fokus på å få næringsliv og FoU-miljø til å samarbeida tettare om forskning og innovasjon.

Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioriterer konkrete innsatsområde knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane frå næringsplanen Sentrale innsatsområder knytt til desse strategiane er virkemiddelbruk knytt til:

- Etablerarretteiing og gründerar
- Utdanning tilpassa næringslivet sine behov
- Stimulering til innovasjon i næringslivet gjennom samarbeid, FoU og internasjonalisering.

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa og trong for omstilling er særleg prioritert arbeid i 2016. Mykje av innsatsen vil vere knytt til fellessatsinga på Sør- og Vestlandet der seks fylker er med, og som leiast av Hordaland fylkeskommune. Dette er særskilt omtalt i programmet.

Utfordringar knytt til klima og miljø, og trong for utvikling av næringslivet inn i eit «grønt skifte» er også omtala i eit eige kapittel. Lokalsamfunnsutvikling vert også prioritert i 2016 med ny satsing innan «LivOGLyst» Bransjesatsingane vert vidareført og innsatsområda har fått berekraft, miljø og omstilling som gjennomgåande tema.

Hordaland er Norges største eksportfylke og store delar av vårt næringsliv har utstrakt samarbeid med aktørar frå dei fleste land. Nasjonale grenser har mindre å sei enn før, medan kunnskap om språk, kultur og

marknadsvilkår blir viktigare. Dersom framtidig sysselsetting og verdiskaping i fylket skal oppretthaldast, må fleire små og mellomstore verksemdar vekse over tid i ein internasjonal, konkurranseutsett marknad. Dette inneber at desse verksemdene må ha evne til innovasjon, produktivitetsvekst, marknadsorientering og kommersialisering. Det må arbeidast for auka kompetanse på internasjonal forretningsutvikling, tilgang til internasjonale marknader, tilgang på vekstkapital og tilgang til nettverk og samarbeid som styrkar evna til innovasjon og internasjonalisering. Verksemdar må også sikrast kompetanse som bevarer drift og eigarskap i og ut ifrå Norge, slik at sterke klynger ikkje forvitrar og arbeidsplassane flyttast utanlands. For å få til dette, er det viktig at Hordaland fylkeskommune og andre verkemiddelaktørar, har ein tydeleg internasjonal dimensjon i arbeidet med næringsutvikling. Internasjonalisering handlar også om å trekke til seg verksemdar, kapital og kompetansearbeidskraft frå utlandet. Dette vil krevje målretta innsats gjennom synleggjering og profilering.

Under er det ein kort oversikt over innsatsområda i 2016. Ein meir detaljert oversikt er i det vedlagte utkast til Handlingsprogram:

#### Entreprenørskap og innovasjon

- Tilretteleggjande tiltak for etablerarar
- Direkte støtte til bedrifter (m.a. gjennom Innovasjon Norge)
- Nettverk og klynger.
- Internasjonalisering.

#### Relevant kompetanse

- Opplæring og utdanning
- Internasjonalt samarbeid og rekruttering

#### Bergensregionen, regionsenter senter og lokalsamfunnsutvikling

- Bergensregionen
- Regionsenter
- Lokalsamfunnsutvikling

#### Omstillingarbeid

- Undervisning og etterutdanning for arbeidstakarar som skal/vil omstillast.
- Omstilling av bedrifter som skal vidareutviklast
- Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørnesteinsbedrifter.
- Felles tiltak knytt til rammevilkåra.

#### Klima og miljø

- Miljøvenleg transport
- Bioøkonomi
- Miljø- og klimavenleg byggenæring

#### Bransjar med særleg fokus

- Marin
- Maritim
- Energi
- Reiseliv
- Landbruk og lokalmat
- Medie- og kulturbasert reiseliv

## **4. Disponering av økonomiske verkemidlar i 2016**

### **Nasjonale og regionale føringar for bruken av midlane**

Midlane til tiltak under «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016*» kjem i hovudsak frå øyremerka statlege overføringar til fylkeskommunen for å styrkja næringsutvikling, busetting og

verdiskaping. Posten blir supplert med løyvingar over fylkesbudsjettet. Opptente renter frå ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år er også lagt til ramma. Dei økonomiske rammene for budsjettet er som følgjer:

	2015	2016	Endring
«Objektiv ramme»	53 784 000	49 750 000	- 7,5 %
Omstilling	3 000 000	0	- 100,0 %
<b>SUM statlege øyremerka midlar</b>	<b>56 784 000</b>	<b>49 750 000</b>	<b>- 7,5 %</b>
Midlar frå fylkesbudsjettet	3 071 000	3 387 000	10,2 %
Opptente renter	2 431 000	1 877 000	- 22,7 %
<b>Total ramme</b>	<b>62 286 000</b>	<b>55 114 000</b>	<b>- 11,5 %</b>

Den totale budsjetttramma i Handlingsprogrammet for 2016 er 55 114 000 kroner. Som det går fram av oversikten er det ein reduksjon på 7,5 % i dei statlege midlane frå 2015 til 2016. Hovudgrunnen til reduksjonen er at midlar til omstilling er redusert frå 3,0 millionar kroner til null i 2016. Dette er delvis kompensert ved at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett av 20 millionar kroner i Statsbudsjettet for 2016 til omstillingsarbeidet som skal dekke Aust-Agder, Vest-Ager, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Denne ordninga er utanfor HNH 2016 sidan den involverer fem andre fylke. I tillegg er «objektiv ramme», dvs. midlar som fylkeskommunen står friare til å disponera redusert med 4,3 % eller omlag 250 000 kroner. Dei fylkeskommunale midlane er justert for prisstigning.

Rammer som ligg til grunn for budsjettet er:

- Statlege midlar 2016 (551.60): kr 49 750 000,-
- Fylkeskommunale midlar: kr 3 387 000,-
- Renter overførte frå 2015: kr 1 877 000,-

Midlar til Innovasjon Norge til bedriftsretta tiltak er i 2016 på 15 millionar kroner. Ramma til Innovasjon Norge er redusert i høve til 2015 som følgje av at Innovasjon Norge har fått tilbakeført 25 millionar kroner som skal nyttast i 2016. Totalt har dermed Innovasjon Norge 40 millionar kroner til disposisjon i 2016.

«Tilrettelegging for næringsutvikling» er dei søkbare midlane, tilskotsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman 29 914 000 kroner. Dei søkbare midlane er på totalt 21 374 000 kroner, 2 millionar kroner er til prosjekt innan klimarettatiltak i næringslivet, 850 000 kroner går til VRI i Hordaland i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Til entreprenørskapssatsinga i Innovasjon Norge er det sett av 900 000 kroner. 6.79 millionar kroner er øyremerka midlar til tilskot til regionale samarbeidsaktørar. Denne posten er redusert med omlag 1.4 millionar kroner sidan 2015. Fordelinga på samarbeidsaktørane vart vedtatt som eiga sak i fylkesutvalet 29.januar 2016 (PS 08/2016).

Det er avsett 4 millionar kroner til dei regionale etablerer-fonda. Etablerer-fonda er eit tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Berekninga som er lagt til grunn for fordelinga er 35 % av den totale ramma som basisløyving fordelt likt på dei tre regionane pluss dei resterande 65 % av midlane fordelt mellom regionane basert på folketal pr. 1. januar 2016:

- Sunnhordland: 792 000 kroner
- Hardanger: 584 000 kroner
- Bergensregionen: 2.624 000 kroner

5 millionar kroner er øyremerkt til omstilling i Hordaland. Desse skal nyttast til omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar med behov for omstilling. Øyremerkinga har bakgrunn i vedtaket om «Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland» i fylkesutvalet 18. juni 2015 (PS 168/2015).

1.2 millionar kroner er avsett til delvis dekking av kostnader knytt til forvaltning av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.

Frå 1. januar 2014 er det innført ein ny Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og nye statlege retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar. Saman med det årlege oppdragsbrevet regulerer desse dokumenta forvaltninga og bruken av dei statlege virkemidla. Forskrifta trekker opp retningslinjene for forvaltning av dei statlege midlane mellom anna at:

- Fylkeskommunen kan forvalte midlane sjølv ved å utarbeide tilskottsordningar etter nærare fastsette reglar. Unntaksvis kan det tildelast enkelttilskott ved særskilt å namngi mottakaren i budsjettvedtak fatta av fylkestinget.
- Delegera forvaltninga til kommunar, regionråd, IN, SIVA, Forskingsrådet, andre offentlege forvaltarar og unntaksvis til ikkje offentlege heileigde aktørar.
- Finansiera utviklingsprosjekt/program i regi av fylkeskommunen.
- Medfinansiera nasjonale program og satsingar som til dømes næringshagar, inkubatorar, Arena prosjekt, NCE prosjekt med meire.
- Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre føremål.

I tildelingsbrevet for 2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir det peikt på at den regionalpolitiske innsatsen skal rettast mot å utvikle samspelet mellom byane og regionane omkring og betre næringslivet sine generelle rammetilhøve. Midlane skal i hovudsak nyttast innafor det distriktpolitiske virkeområdet, men nokre av midlane kan også nyttast til å utløyse det regionale verdiskapingspotensialet og til å utvikle attraktive regionale sentra for folk og næringsliv.

I tildelingsbrevet blir det slått fast at nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast. Det blir peika på nasjonale mål om auka entreprenørskap og innovasjon samt kvalifisering av bedrifter til auka forskning og utvikling. Vidare blir også dei nasjonale måla om auka verdiskaping og om satsing på nettverk, bedrifter og etablerarar framheva. Næringsretta infrastruktur og næringsretta kompetanse er også prioriterte område.

Av ramma på 82,5 millionar kroner til omstilling er det sett av 20 millionar kroner for å møte utfordringane som følgjer av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. Hordaland fylkeskommune skal forvalte midlane, og midlane skal nyttast på tvers av fylkesgrensene. Desse midlane kan ikkje omprioriterast til andre føremål.

Etter fylkesrådmannen sitt skjønn det stor grad av samsvar mellom prioriteringane i gjeldande næringsplan og i HNH 2016 og dei nasjonale føringane. Oppmodinga om å prioritere nærings- og bedriftsretta formål blir følgt godt opp. Ikkje berre ved at delar av dei statlege midlane blir overført til IN, men også ved at ein stor del av dei midlane fylkeskommunen sjølv rår over går til næringsretta tiltak.

### **Kommentarar til budsjettpostane**

Nedanfor følgjer forklarande kommentarar og fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til dei ulike budsjettpostane. Sjølve budsjettet er vist på neste side. Budsjettet er ei vidareføring av budsjettet for 2015 og tala frå 2015 er tatt med for samanlikning.

#### **A. Bedriftsretta verkemidlar**

Fylkeskommunen overfører eit årleg beløp til Innovasjon Norge som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Denne overføringa er i 2016 på 15 mill. kroner. Ramma til Innovasjon Norge er redusert i dette budsjettet som følgje av at Innovasjon Norge har fått tilbakeført 25 mill. kroner som skal nyttast i 2016. Totalt er altså ramma til Innovasjon Norge 40 mill. kroner. Midlane går til einskildbedrifter og etablerarar som lån og ulike former for økonomisk støtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar formulert.

#### **B. Tilrettelegging for næringsutvikling**

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten og fordelt på delpostane B-1 til B-7 og er dei søkbare midlane, tilskottsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman kr 29 914 000,-.

Dei søkbare midlane er på totalt kr 21 374 000,-. Desse rettar seg mot dei prioriterte innsatsområda frå Næringsplanen: *Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling*, ein felles post for tiltak retta mot *bransjar med særleg fokus i Hordaland og ein*

for klimarettatiltak. 2 mill kroner er øymerkt til prosjekt innan klimarettatiltak i næringslivet. Dei tematiske satsingane innan dei ulike områda er formulert i eigne kapittel i dette dokumentet.

Posten B-6 er øymerka midlar til program. Det er sett av kr 850 000,- til Virkemiddel for Regional Innovasjon (VRI) i Hordaland. Fylkeskommunen har leinga i den regionale VRI-satsinga og løyvinga er i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Til entreprenørskapssatsinga i Innovasjon Norge er det sett av same sum som i 2015 ; dvs kr 900 000,-. 6.79 mill. kroner er øymerka midlar til samarbeidsaktørar i post B-7. Denne posten er redusert med ca 1.4 mill. kroner sidan 2015. Dette er i tråd med vedtak i fylkesutvalet; 29. januar 2015 ( PS 08/2016).

Ei liste over samarbeidspartnarar som mottar støtte over HNH budsjettet og fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» er tatt med i avsnittet «Tett samarbeid og god koordinering av verkemiddelbruken» i HNH 2016

### C. Regionale etablerarfond

Det er avsett 4 mill. kroner til dei regionale etablerer-fonda. Etablerer-fonda er eit tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik Sunnhordland får kr 792 000,-og Hardanger får kr 584 000,- Bergensregionen dvs. Hordaland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg kr 2.624 mill.

### D. Omstilling og nyskaping

5 millionar kroner er øymerkt til omstilling i Hordaland. Desse er avsett til omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar. Desse sett inn i dette budsjettområdet D. Endeleg fordeling av desse midlane på ulike prosjekt og tiltak skjer som eigen sak til fylkesutvalet. Omstillingsinnsatsen på Sør og Vestlandet for 2016 har eige budsjett og er ikkje tatt inn i dette budsjettet.

### E. Forvaltning

Det er sett av 1.2 millionar kroner til delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune.

## Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 – budsjett (HNH-budsjett)

Budsjettpost	Budsjett 2015 NOK	Budsjett 2016 NOK
<b>A: Bedriftsretta midlar</b>	<b>28 000 000</b>	<b>15 000 000</b>
A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	28 000 000	15 000 000*)
<b>B: Tilrettelegging for næringsutvikling totalt</b>	<b>28 086 000</b>	<b>29 914 000</b>
B-1: Entreprenørskap og innovasjon	5 000 000	6 000 000
B-2: Relevant kompetanse	4 156 000	5 000 000
B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling	4 000 000	5 000 000
B-4: Bransjeretta tiltak	3 000 000	3 374 000
B-5: Klimarettatiltak	2 000 000	2 000 000
<b>Søkbare midlar /tilskotsordningar ( Sum B-1 til B5 )</b>	<b>18 156 000</b>	<b>21 374 000</b>
B-6: Øymerka midlar til program (sum)	1 750 000	1 750 000
- VRI-programmet	850 000	850 000
- Etreprenørskapssatsing i Innovasjon Norge	900 000	900 000
<b>B-7: Øymerka midlar til samarbeidsaktørar</b>	<b>8 180 000</b>	6 790 000
<b>C: Regionale etablerarfond</b>	<b>2 000 000</b>	<b>4 000 000</b>
- Bergensregionen **)	1 390 000	2 624 000
- Sunnhordland	324 000	792 000
- Hardanger	286 000	584 000
<b>D: Omstilling og nyskaping</b>	<b>3 000 000</b>	<b>5 000 000</b>
<b>E: Forvaltning ***)</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 200 000</b>
<b>TOTAL SUM</b>	<b>62 286 000</b>	<b>55 114 000</b>

## **5. Kommentar til sakshandsaming.**

Både i 2014 og 2015 vart handlingsprogramma handsama i fylkesutvalet utan handsaming i sektorutvala etter tilråding frå fylkesrådmannen. Grunngevinga var at det ikkje var mogleg å få til handsaming i Regionalt næringsforum (RNF) så tidleg at det var mogleg å rekke handsaminga i sektorutvala i februar. Behandling i mars blei sett på som for seint på året. I samband med den politiske handsaminga av HNH for 2016, lova fylkesrådmannen å komme attende med forslag til framtidig rutine for politisk handsaming av handlingsprogrammet.

Fylkesrådmannen vil i den samanheng gjera fylkesutvalet merksam på at tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Hordaland fylkeskommune er datert 14. januar 2015, og det er først etter dette tidspunktet ein fekk full oversikt over dei økonomiske rammene for 2016. Dette medførte at det ikkje vart tid til politisk handsaming i sektorutval og fylkesutval i januar.

Tildelingsbrev fra departementet kjem vanlegvis i midten av januar. Fylkesrådmannen vil difor også i år tilrå handsaming i fylkesutvalet utan handsaming i sektorutvala på førehand, og at dette også vert framtidig rutine for handsaminga av handlingsprogrammet for at det ikkje skal gå for lang tid ut på nyåret før handlingsprogrammet vert vedteke.